

Fure (*Pinus silvestris*)

Fin til barkebåt, kongleku og tyggegummi!



Heilt frå "trolla si tid" har borna leika med barkebåtar og konglekыр. Dette er ein del av kultur- og naturarven vår.

BORKEBÅT

Finn eit tjukt stykke med furubork, og skjær ut ein båt med kniv, slik som båten i monterer. Bruk ei fjør eller pinne med lauv til segl.

KONGLEKU

Finn ein moden kongle, og lag bein med pinnar eller fyrstikker. Slik kan du lage deg ein bondegard eller ein dyrepark!

TYGGEGUMMI

Visste du at det går an å bruke kvæ til tyggegummi ? Det gjorde borna før. Dei runde og blanke klumpane var best.

TVARE

Veit du kva ei tvare er? Det er ein visp til å røra i grytene med (sjå i monterer). Den er enkel å lage:

- *Kutt toppen av ei lita fure eller gran ev. juletre.*
- *Ta av borken. Kutt av skaftet slik at det er ca. 30-40 cm langt og fingertjukt. Sidegreinene skal vere ca. 5-6 cm lange.*

Før laga borna sursøt snop av furukvistar. Først tok dei borken av ein levande kvist. Kvisten vart så stukken ned i ei maurtue. Mauren prøvde å krype opp, men ramla av. Kvisten vart såleis oversprøytta med maursyre. Borna slikka så i seg den søte sevja med den sure maursyra, men det var ikkje så fint gjort mot mauren! Kvæ, sevje og toppskot er rike på C-vitamin, men dei inneheld også terpentin; det er ikkje så sunt å ete!